



Jentelaget spela ein god kamp mot BBH

I dag vart det slutt på Norway Cup-eventyret for dei 4 gjenverande Rosendalslaga. Alle møtte sterk motstand. Dessverre trekte alle det kortaste strået etter god innsats og jamne spennande kampar. Dei kan alle vera godt fornøgd etter å ha levert strålande innsats.

J 15/16 (11`ar).

B-sluttspel, 8.-delsfinale.

Rosendal - Begnadalen/Bagn/Hedalen 2 - 3 (1 - 2).

Det vart ein tett, jamn og spennande kamp. Stillinga ved pause var 2 - 1 til BBH, og dei vann til slutt 3 - 2.

Dermed er det slutt på Norway Cup for i år for jentene. Dei kan sjå tilbake på flott turneringsinnsats der den strålande innsatsen i TV-kampen og det som skjedde rundt den nok er høgdepunktet.

G 13/14 (7`ar).

A-sluttspel, 8.-delsfinale.

Rosendal - Syril 1 0 - 2 (0 - 1)

Syril 1 var best i 1.omgang, og leia fortent 1 - 0 ved pause. Utover i 2.omgang fekk Rosendal meir tak på kampen, men mot slutten kontra Syril inn 2 - 0. Det vart sluttresultatet, og dermed var det slutt på Norway Cup-eventyret for smågutane for i år. Dei kan sjå tilbake på det med stolthet etter flott innsats.



G 13 feirar god innsats med velfortent Champagne

G15/16 (7' ar).

A-sluttspel, 8.-delsfinale.

Rosendal 1 - Tomrefjord 1 - 3 (1 - 0)

Rosendalslaget spela svært godt og gjekk opp i 1 - 0 leiing då Sondre Eskeland knalla ballen i mål. Dette gav leiing ved pause.

Gutane fortsette å jobbe godt, men så fekk dei mål i mot. Dermed var det gjort! Mål pregar fotballkampar, og Tomrefjord fekk raskt to kjappe mål til. Dermed vart det 1 - 3 tap og også cup-exit for dette gode laget.



Rosendal 1 klare til kamp

B-sluttspel, 8.-delsfinale.

Rosendal 2 - Svalbard 1 2 - 4 (1 - 1).

Rosendal starta godt og gjekk opp i 1 - 0 leiing. Pauseresultatet var 1 - 1. Like etter pause gjekk Svalbard opp til 3 - 1 etter to raske mål. Rosendal reduserte ein gang, og fekk ny spenning i kampen, men Svalbard svarte med scoring. Dermed vart resultatet 4 - 2 til Svalbard, og dermed var alle Rosendalslaga ute av Norway Cupp for i år. Felles for alle er at dei har levert svært god innsats.



[Og Rosendal 2 klare til kamp.](#)

Vi takkar alle spelarane for flott innsats, mykje god spenning og underhaldning! Mange har vore på sidelinja i Oslo, men det har vore kjekt å følgje laga også via dei gode Live-oppdateringane, og ikkje minst på TV-kampen. Spelarane kan ta med seg mange gode minner.

Av: Thor Inge Døssland

Foto: Rosendal Turnlag.